

Arkiv:	
Kopibok:	
Intern kopi:	☒
Saksb. kopi:	
Eksp. av:	
Svar på dokumentnr.	

Stortinget
Kontroll- og konstitusjonskomiteen
0026 Oslo

Deres ref

Vår ref
201200932

Dato

20 APR 2012

Tilskotsforvaltning i Miljøverndepartementet

Eg viser til Kontroll- og konstitusjonskomitéens brev av 13. mars 2012 om forvaltning av tilskot i Miljøverndepartementet.

1. Innleiing

Fleire av dei spørsmåla Kontroll- og konstitusjonskomitéen tek opp, er knytt til dei merknadene som Riksrevisjonen kom med i Dok. 1 (2011-2012) mellom anna om tilskotsforvaltninga i miljøvernforvaltninga. I denne samanheng viser eg til komitéens brev av 20. desember 2011 og tidlegare miljø- og utviklingsminister Solheim sitt svar i brev av 30. januar i år. Saman med dei merknadene komiteen sjølv kom med i Innst. 211 S (2011-2012), reknar eg difor med at komiteen på eit overordna plan er godt kjend med Miljøverndepartementet si tilskotsforvaltning.

Miljøverndepartementet forvalta i 2011 tilskot under 60- og 70-postar for i alt 1 215 549 000 kroner. Av dette forvalta departementet sjølv 194 680 000 kroner. Dei andre tilskota på vårt budsjett er forvalta av våre ytre etatar. I dette brevet har eg konsentrert omtalen til dei tilskota som blir forvalta av Miljøverndepartementet sjølv. I tala ovanfor er ikkje tilskot frå 01-, 21- og 22-poster teken med. Tilskot under desse postane er omtala i punkt 3.1 nedanfor.

2. Praktisering av økonomireglementet, løyvingsregelementet og forvaltningslova

Miljøverndepartementet har med heimel i Reglement for økonomiforvaltning i staten § 3 fastsett økonomiinstruksar for økonomiforvaltninga i departementet og i alle ytre etatar. Instruksane blei sist revidert med verknad frå 2005. Økonomiinstruksen til Klima- og forureiningsdirektoratet er nyleg revidert med verknad frå 2012. Vi tek sikte på å revidere dei andre økonomiinstruksane i løpet av 2012-2013. Instruksane er eit supplement til Finansdepartementet sine "Bestemmelser om økonomistyring i staten" (etter dette nemnd "bestemmingane"). Desse bestemmingane er difor i liten grad gjentekne i instruksane. Alle instruksane inneheld generelle punkt om forvaltning av tilskot jamfør kap. 6 i bestemmingane.

2.1 Reglar for tilskotsordningar og tilhøvet til forvaltningslova

Kapittel 6.2. i bestemmingane inneheld krav til utforming av tilskotsordningar og presentasjon for Stortinget. I kapittel 6.2.1.2 er det sett krav til at det skal fastsetjast reglar for tilskotsordningar i samsvar med kapittel 6.2.1.1.

Etter at økonomiregelverket (økonomireglementet og bestemmingane) blei vesentleg revidert i 1996, med verknad frå 1997, arbeidde departementet intensivt med å etablere regelverk for våre tilskotsordningar basert på det nye regelverket. Rundt tusenårskiftet hadde departementet fastsett reglar for dei aller fleste tilskotsordningane, inklusive tilskotsordningar som blir forvalta av våre ytre etatar.

Økonomiregelverket blei på nytt revidert og forenkla i 2003/2004. I dette regelverket (bestemmingane kap. 6.2.1.2) blei det mellom anna tydelegare fokusert på sambandet til forvaltningslova sine reglar om føresegnar då reglane kan vere bestemmande for rettar og pliktar for målgruppene for dei einskilde reglane, jamfør forvaltningslova § 2 c. Med bakgrunn i dette la Miljøverndepartementet fram nokre typiske tilskotsordningar for lovavdelinga i Justisdepartementet i brev av 7. april 2005. Lovavdelinga uttalte i brev av 6. oktober 2006 at vesentlege delar av desse ordningane måtte sjåast på som føresegnar i samband med forvaltningslovas reglar. Etter dette har Miljøverndepartementet fastsett følgjande nye tilskotsreglar som føresegnar:

- Føresegn om tilskot frå Svalbards miljøvernfond (kap. 1472)
- Føresegn om Norsk kulturminnefond (kap. 1432, og som for ein stor del omhandlar tilskotsforvaltning)

I tillegg har vi revidert reglane for tilskot til frivillige miljøvernorganisasjonar med verknad frå 2012 ved fastsetting av føresegn om tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttinge miljøstiftingar (kap. 1400 post 70).

Alle reglane som departementet har fastsett, er i samsvar med kapittel 6.2.1 i bestemmingane og omfattar:

1. Mål for ordninga
2. Målgruppe

3. Tiltak som kan få tilskot
4. Kunngjering og innhald i kunngjeringa
5. Krav til innhald i søknadane
6. Krav til handsaming av søknadane
7. Informasjon til søkerar som får tildelt tilskot - innhald i tilsegnsbrev/tilskotsbrev
8. Informasjon til søkerar som ikkje får tildelt tilskot eller tildelt mindre enn dei har søkt om
9. Utbetalingsplan
10. Krav til rapportering frå mottakar av tilskot
11. Utbetaling og rekneskapsføring av tilskot
12. Kontroller
13. Evaluering

2.2 Presentasjon for Stortinget

Kapittel 6.2.1.3 i bestemmingane gir reglar om presentasjonen av tilskotsordningar for Stortinget. Desse reglane uttrykker at departementet skal gi ein presentasjon av hovudelementa i tilskotsordningane. Med bakgrunn i dette har Miljøvern-departementet i alle år etter at denne regelen blei fastsett, eller tilsvarende krav i regelverket frå 1997, omtalt ordningane i dei årlege budsjettproposisjonane med:

- Mål for kvar einskild ordning og i fleire tilfelle målgruppa for dei einskilde ordningane
- Kriteria for måloppnåing. Desse er omtala der vi meiner at måloppnåing enkelt kan bli gjort greie for ved hjelp av kriteria.
- Tildelingskriteria
- Oppfølging og kontroll

2.3 Kunngjering

Kapittel 6.3.2 i bestemmingane gir reglar om kunngjering.

I alle reglane som er fastsett av departementet, er det tatt med krav om kunngjering av ordningane i samsvar med ordlyden i dette punktet.

Miljøverndepartementet har sidan 1974 kunngjort tilskotsordningar i rundskrivsform. Sidan starten av 1990-åra blei rundskriva trykt i kvart sitt hefte (eitt for naturforvaltingsområdet og eitt for forureiningsområdet). Med verknad frå 1999 har Miljøverndepartementet kunngjort tilskotsordningane i eitt felles rundskriv (T-1/98). Frå 2005 (T-1/04) er rundskrivet lagt ut på Miljøverndepartementet si heimeside på www.regjeringa.no og ikkje fysisk sendt ut. Løyving av tilskot som er øyremerka, anten ved namnet på mottakar i postnemninga, eller namn gitt i postomtalen, eller der formålet som er skrive i teksten, klart peikar mot den målgruppa ordninga gjeld for, blir ikkje kunngjort i rundskrivet, jamfør reglane i kapittel 6.4.2 a. Det same gjeld tilskot til internasjonalt arbeid som ikkje blir kunngjort i samsvar med kap. 6.4.2 c i bestemmingane. Samla gjelder desse unnataka i 2011 kap. 1400 postane 71, 74, 75, 79 og 81. Det gjelder også kap.1410 postane 70, 72 og 73.

I 2011 omfatta rundskrivet alle ordningane i heile miljøvernforvaltninga med unnatak av dei tilskota som fell inn under unnataksreglane i bestemmingane kapittel 6.4.2. I tillegg omfatta rundskrivet for 2011 ikkje kap. 1400 post 73 Kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk. I 2011 hadde denne posten ei løyving på 18,75 mill. kroner. Ein sum på 5,1 mill. kroner blei ikkje kunngjort. Posten var ei vidareutvikling av kap. 1442 post 70 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk i statsbudsjettet for 2000. På denne tida omfatta posten løyvingar til bestemte verksemdar som var nemnd i proposisjonsteksten, i tillegg til ein fri del til avfallsføre mål som det kunne søkjast på. Dette blei kunngjort i rundskrivet. Frå 2003 er posten ikkje kunngjort i rundskrivet. Dette skuldast at heile løyvinga blei nytta til dei verksemdene som er nemnd i proposisjonsteksten. I 2007 blei posten igjen utvida med ein fri del mellom anna til Klimaløftet som blei kunngjort på departementet si heimeside på www.regjeringa.no. Etter at Klimaløftet var avslutta, blei dei frie midla ikkje kunngjort. Årsaka til dette var at departementet meinte posten var vel kjend, og dessutan blei midla i noko mon tildelt dei namngitte verksemdene under posten til konkrete tiltak. Av verksemdar som ikkje er nemnd i postteksten er det gitt tilskot til Stiftelsen Foreningen Ren Marina, WWF Norge, Norsk forening for farlig avfall, Norsk kulturarv, Standard Norge, Cicero og Norges Naturvernforbund. Tilskota blei tildelt etter søknad. Eg viser til oversikta over kap. 1400 post 73 i vedlegget.

Rundskrivet for 2011 omfatta heller ikkje kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning post 71 Forvaltningstiltak i verdsarvområde, post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, post 81 Verdiskapingsprogrammet for naturarven og kap. 1429 Riksantikvaren post 77 Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Desse ordningane har blitt kunngjort direkte overfor aktuelle tilskotsmottakarar mellom anna gjennom konferansar og via kunngjeringar frå fylkesmannsembeta og fylkeskommunar. Verdiskapingsprogrammet for kulturminne blei avslutta i 2010. Løyving for 2011 og 2012 er nytta til evaluering og prosjekt i regi av statlege verksemdar.

Rundskrivet i 2012 omfattar alle tilskotsordningane i miljøvernforvaltninga som ikkje er øyremerka i proposisjonen eller retta mot internasjonalt arbeid, og med dei same unnataka som i 2011 som er nemnd ovanfor. Kap.1400 post 73 er oppheva frå 2012, og midlane er overførte til kap. 1400 postane 70 og 76. Av desse er post 70 kunngjort separat på www.regjeringa.no og post 76 er kunngjort i rundskrivet.

Sjølv om departementet meiner tilskotsordningane er kunngjorde i tilstrekkeleg grad, vil eg syte for at alle tilskotsordningar som det kan søkjast på, blir tekne inn i rundskrivet for 2013.

2.4. Forvaltningslova

All sakshandsaming av ikkje-øyremerkete tilskot i Miljøverndepartementet følgjer bestemmingane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Som nemnt i punkt 2.1 ovanfor la Miljøverndepartementet fram nokre typiske døme på reglar for tilskotsordningane for lovavdelinga i Justisdepartementet i 2005.

Lovavdelinga uttalte at vesentlege delar av innhaldet i våre reglar måtte sjåast på som føresegnar etter forvaltningslova. Ved komande revisjonar av dei tidligare fastsette tilskotsordningane og ved eventuell oppretting av nye tilskotsordningar vil spørsmålet om føresegn bli vurdert.

Det er opp til den einskilde sjølv å vurdere sin habilitet ved handsaming av saker i departementet. Dersom vedkommande er i tvil om sin habilitet, blir saken vurdert av departementet, og av lovavdelinga i Justisdepartementet dersom ein framleis er i tvil.

3. Gjennomgang av tilskot i 2011

Miljøverndepartementet har gått gjennom alle utbetalingar i 2011 som departementet sjølv har gjort, og skilt ut tilskot. I vedlegget finns departementet si oversikt over tilskotsutbetalingar i 2011. Kartlegginga som no er gjennomført, har ikkje avdekket noko prinsipielt nytt samanlikna med det departementet har vore kjent med mellom anna frå funna til Riksrevisjonen.

3.1 Tilskot frå kap. 1400 postane 01, 21 og 22

Gjennomgangen viser at det i 2011 blei utbetalt tilskot for i alt 19,9 mill. kroner under desse postane. Av desse tilskota gjekk i alt 14,1 mill. kroner til kommunesektoren; i all hovudsak til fylkeskommunane. Ein vesentleg del av desse midla, 4,2 mill. kroner, gjekk til kompetansetiltak i samband med iverksetting av ny plan- og bygningslov i 2009 som omtalt i Prop. 1 S (2010-2011) og 4,35 mill kroner til støtte til plansekretariatet Oslo/Akershus. Tilskota til fylkeskommunane blir i all hovudsak tildelt etter søknader frå fylkeskommunane gjennom fylkesmannen. Tilskota blir tildelt for å støtte opp under den rolla fylkeskommunane har etter plan- og bygningslova. Som Riksrevisjonen har peika på i Dok. 1 (2011-2012), vil Miljøverndepartementet i framtida ha særleg fokus på å skilje mellom kjøp og tilskot under driftspostane.

4. Sikre ei tilskotsforvaltning i tråd med økonomireglementet framover

I innleiinga av dette brevet har eg vist til brevet av 30. januar i år frå tidlegare statsråd Solheim til Kontroll- og konstitusjonskomiteen. Som omtalt i brevet, tek departementet sikte på at dei merknadene som Riksrevisjonen har peika på, så langt det er mogleg, skal vere løyste i framlegget til Prop. 1 S (2012-2013).

Etter at nemnte brev blei sendt, har Miljøverndepartementet arbeidd vidare med desse problemstillingane. Mellom anna tek eg sikte på å fremje saker i proposisjonen i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2012 for å kome i møte fleire av Riksrevisjonens merknader. Nokre saker må likevel utstå til Prop. 1 S (2012-2013)

Departementet vil halde fram med å kunngjere tilskotsordningane i dei årlege rundskriva T-1 på [www. regjeringa.no](http://www.regjeringa.no) slik at ordningane som har ei ope målgruppe, blir gjort kjend for allmenta og relevante målgrupper.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 70 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjoner (framgått i budsjettproposisjonen. Kun for organisasjoner som er nevnt)				
		Norges Naturvernforbund	7 175 000	
		Framtiden i våre hender	2 856 000	
		Den Norske Turistforening	4 856 000	
		Norges Jeger- og fiskerforbund	6 051 000	
		FRFO	2 983 000	
		Norsk Ornitologisk Forening	1 931 000	
		Norges kulturvernforbund	818 000	
		Fortidsminneforeningen	4 027 000	
		Forbundet Kysten	1 802 000	
		Fartøyvernforeningen	1 657 000	
		Natur og Ungdom	1 462 000	
		Norges Miljøvernforbund	258 000	
		IWWF	1 684 000	
		Norsk forening mot støy	1 040 000	
		Norsk vannforening	335 000	
		SABIMA	981 000	
		Norsk Biologforening	221 000	
		Norsk Zoologisk Forening	221 000	
		Norsk Entomologisk Forening	221 000	
		Norsk Botanisk Forening	221 000	
		Foreningen Våre Rovdyr	306 000	
		Norsk sopptforening	221 000	
		Miljøagentene	1 179 000	
		Sum	42 505 000	

Bevilgning 42 505 000

Alle tildelinger på MDs 70 post er listet opp og omtalt i budsjettproposisjonen.
 Lyses ut i Norsk Lysingsblad hvert år
 Tildeling skjer etter søknad.
 For øvrig skrives det varselbrev i forkant av søknadsfristen til alle tilskuddsmottakere
 Posten er endret fra 2012.

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 71	Internasjonale organisasjoner (Framgår i budsjettoppisjonen. Ikke søkbare)			
		ICOMOS (International Council of Monuments and Sites)	927 299	
		ICCROM (International Centre for Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property)	227 299	
		Biodiversitetskonvensjonen	1 183 551	
		Cartagena-protokollen	564 276	
		CITES (Konvensjonen om internasjonal handel med truede arter)	436 084	
		UNCED (Den internasjonale naturvernkonvensjonen)	1 447 773	
		Bonkonvensjonen (CMS)	3 427 382	
		MASCO (Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen)	2 219 900	
		EUROBATS (Flaggemusavtalen under Bonkonvensjonen)	80 354	
		RAMSAR (Internasjonalt sekretariat for Ramsarkonvensjonen)	1 047 855	
		AW (Vannutglavtalen under Bonkonvensjonen)	130 780	
		Berikonvensjonen	155 223	
		ACAP (Albatrossavtalen under Bonkonvensjonen)	442 899	
		IHO (Den internasjonale hydrografiske organisasjon)	674 895	
		OSPAR-konvensjonen	599 007	
		Baselkonvensjonen	862 186	
		EMEP (Det europeiske overvåkningsprogrammet for langtransport...)	1 841 977	
		Aarhuskonvensjonen	567 080	
		Stockholmskonvensjonen	763 242	
		Rotterdamkonvensjonen	125 952	
		Montrealprotokollen	218 027	
		Wienkonvensjonen	26 913	
		IPCC (FNs klimapanel)	700 000	
		SAICEM (Strategic Approach to International Chemicals Management)	250 000	
		Klimakonvensjonen	855 586	
		Kyoto-protokollen	637 342	
		EEA (Det europeiske miljøvernbyrået)	6 295 264	
		UNEP (FNs miljøprogram)	18 901 103	
		Sum	45 609 250	

Obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjoner der Norge deltar aktivt. Bevillingen er en direkte følge av at Stortinget har ratifisert avtaler med budsjettbindinger eller at Regjeringen har vedtatt norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt et frivillig bidrag til FNs miljøprogram Bidraget til UNEP er et frivillig bidrag.

Bevilling 45 429 000

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 73	Tilskudd til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennlig produksjon og forbruk (Posten lagt ned fra 2012)			
		Grønn hverdag	7 150 000	Drifts- og prosjekttilskudd
		Stiftelsen Idebanken	3 450 000	Drifts- og prosjekttilskudd
		Beliona	2 500 000	Driftstilskudd og prosjekttilskudd
		Stiftelsen Miljømerking	1 750 000	Drifts- og prosjekttilskudd
		Zero	1 100 000	Prosjekttilskudd
		Foreningen Ren Marina	850 000	Videreutvikling av pilotprosjekt fra 2011
		Retursarbeidet LOOP	500 000	Prosjekttilskudd - Kommunikasjonslittak kildesortering og gjenvinning
		Regnskofondet	500 000	Prosjekttilskudd
		WWF Norge	200 000	Prosjekttilskudd
		Norsk forening for farlig avfall	200 000	Farlig avfallkampanje 2011. Utvikling av bransjeordning.
		Hold Norge rent - Avfall Norge	200 000	Drifts- og prosjekttilskudd
		Norsk Kulturav AS	100 000	Prosjekttilskudd. Rydd et kulturlinje 2011.
		Standard Norge	100 000	Støtte til standardiseringsarbeid innen miljøstyring
		Cicero	1 000 000	Tilskudd til klimafilmm.no
		Norges naturvernforbund	150 000	Tilskudd skog
		Sum	19 750 000	Bevilgning 18 750 000

Tilskuddsordningen har vært kunningført i Prop. 1 S 2010-2011.

De fleste tilskuddene er øremerket, men en liten pott er avsatt til Miljøverndepartementets disposisjon og har vært benyttet til prosjekter og tiltak innenfor målsetningene til posten. Posten er godt kjent innen de aktuelle fagmiljøene.

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 74	Tilskudd til AMAP (Framgår i budsjettproposisjonen)			
		AMAP (Programmet for arktisk miljøovervåking)	3 700 000	Tilskuddet er omtalt i budsjettproposisjonen
		Sum	3 700 000	Bevilgning 3 700 000

Dette er en internasjonal forpliktelse Norge har påtatt seg, og målet med bevilgningen er å sikre videreføring av programmet for arktisk miljøovervåking (AMAP) gjennom tilskudd til drift av stiftelsen AMAP.

Kap og post	Tilskudds-ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 75	Miljøvennlig byutvikling (Tildeling på grunnlag av søknad. Framgår i budsjettopposisjonen)			
		Oslo kommune	30 000 000	Statens bidrag i Groruddalsprosjektet
		Oslo kommune	450 000	Midler til skifting av stasjoner og holdeplasser i Groruddalen
		Oslo kommune	200 000	Samarbeidsprosjekt energi- og miljøformyelse ved rehabilitering
		Oslo kommune	150 000	Arbeid med grønne tak i Groruddalen
		Grorud bydel	200 000	Støtte til historisk skitrenn
		Grorud bydel	170 000	Støtte til sykkelritt
		Bjerte bydel	150 000	Kulturbølgen
		Sum	31 320 000	Bevilgning 32 000 000

Posten dekker Miljøverndepartementets utgifter knyttet til miljøsatsingen i Groruddalen. Dette er et avtalt samarbeid mellom Oslo kommune og flere departementer herunder Miljøverndepartementet, og næringslivet. Et årlig beløp på ca. 1 mill. kroner har vært gjenstand for direkte søknad via MD. I 2011 har disse midlene blitt tildelt bydelene og kommunale etater etter søknad.

Kap og post	Tilskudds-ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak (Resultatbasert tildeling. Framgår i budsjettopposisjonen)			
		Forfat	1 500 000	Prosjekt for å bidra til å redusere mengden nyttbart malayfall
		Pure CSR consulting, Save Planet	150 000	Kampanje 2011 (blodprøvetaking med mer for å sjekke miljøgifter)
		CICERO	1 150 000	Driftsstøtte nasjonale oppgaver
		Reiseløste klima	59 402	De internasjonale klimaforhandlingene.
		Climate Technology Initiative (CTI)	117 213	Kontingent
		IPCC (FNs klimapanel)	2 999 225	Prosjektstøtte til den 5. klimarapporten
		IMO (FNs sjøfartsorganisasjon)	600 000	IMOs arbeid med klimagassutslipp fra internasjonal skipsfart
		Reiseløste internasjonalt samarbeid	133 259	Støtte til NGO'er for å sikre deltakelse på internasjonale møter.
		GRID-Arendal (Global Resource Information Database)	4 500 000	Driftsstøtte
		ForUM (Forum for utvikling og miljø)	450 000	Driftsstøtte
		CAF-sekretariatet (Conservation of Arctic Flora and Fauna)	200 000	Driftsstøtte til sekretariatet på Island
		NIVA (Norsk institutt for vannforskning)	450 000	NIVAs arbeid i European Topic Center for Water
		NILU (Norsk institutt for luftforskning)	1 021 000	Deltakelse i "European Topic Centre".
		DNMI (Meteorologiske institutt)	300 000	Grenseoverskridende luftforurensninger deriblant utslipp fra skip
		NFR, Norsk deltakelse i EUs strålevernforskning	1 000 000	Deltakelse i EUs strålevernforskning
		Sum	14 630 089	Bevilgning 20 696 000

Målet med ordningen er å styrke arbeidet med miljøspørsmål som er svært viktige for Norge, og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringer internasjonalt. Ordningen skal også medvirke til at Norge gjennom nasjonale tiltak oppfyller sine internasjonale forpliktelser når det gjelder klimaendringer, stoffer som bryter ned ozonlaget, grenseoverskridende luftforurensninger og helse- og miljøfarlige kjemikalier. Tilskuddsordningen blir kunngjort i et eget rundskriv fra Miljøverndepartementet om alle tilskuddsordningene fra departementet.

Tildeling av midler er basert på hvilket resultat departementet ønsker å oppnå i det internasjonale miljøvernsamarbeidet, eller forpliktelser Norge må innfri

Kap og post	Tilskudds-ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011		Kommentarer
Kap 1400 post 79	Den nordiske verdensarvstiftelsen (Framgår i budsjettproposisjonen)				
		Den nordiske verdensarvstiftelsen	5 000 000	Tilskuddet er omtalt i budsjettproposisjonen	
		Sum	5 000 000	Bevilgning 5 000 000	

Målet med bevilgningen er å styrke oppfølgingen av UNESCOs verdensarvskonvensjon. Den nordiske verdensarvstiftelsen skal bl.a. fungere som et knutepunkt for den samlede innsatsen fra de nordiske landene på området, tilby teknisk ekspertise, spre informasjon og medvirke til nyskapende prosjekter, skaffe midler og tilby assistanse til utviklingsland.

Kap og post	Tilskudds-ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011		Kommentarer
Kap 1400 post 80	Tilskudd til universell utforming (Framgår av budsjettproposisjonen)				
		Norges handikapforbund	25 000	Tilskudd mission MacReil. Universell utforming i Nord-Vest Russland	
		NTNU	75 000	Kompetanseheving	
		Sum	100 000	Bevilgning 600 000	

Ordnningen skal støtte mål, strategier og prioriterte tiltak i tråd med den nye plan- og bygningslovens styrking av universell utforming og gjennomføring av departementets tiltak i ny handlingsplan. Målgrupper er kommunale og regionale forvaltningsnivå, organisasjoner og offentlige og private instanser.

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 81 Tilskudd til byutvikling og lokalt miljøvern (Framgår av budsjettproposisjonen)				
Framtidens byer		Norske arkitekters landsforbund	1 700 000	Ecobox-prosjektet
		Norske arkitekters landsforbund	1 410 000	Futurebuilt-prosjekter
		Norske arkitekters landsforbund	250 000	Arkitekturåret
		Unge kokker	660 000	Opplæringsprosjekt miljøvennlig mat
		Birkebeinlaugets bedriftsutvikling	500 000	Samarbeidsavtale
		Frameworks	157 000	Kampanjen "Visste du at"
		Idea Consulting	202 000	Samordnet varidistribusjon
		Trondheim kommune	200 000	Etablering av "Oljefri.no"
		NHO-Service partner	250 000	Leverandørutviklingsprogrammet
		Frameworks	250 000	Nettbasert applikasjon for å inspirere til mindre bilbruk
		Gaia Trondheim	125 000	Utviklingsprosjekt miljøbygg
		Relusarbeidet LOOP	150 000	Skoleprosjektet
		Norsk sentrumsutvikling	100 000	Konferanse om sentrumsutvikling
		WWF	100 000	Earth Hour
		Trestykker	100 000	Gjenbruk av byggmateriale
		Lyskultur	75 000	Veiledning og lysbruk
		Fagus	70 000	Konferanser om grønnebygg
		Pstereo	70 000	Miljøttak på festivaler
		Oslo arkitektforening	50 000	Oslo åpent hus
		UMB	50 000	Studentprosjekt
		Bergen	1 450 000	Samarbeidsprogram mellom staten, kommunene i de største byområde og næringslivet for å få ned klimagassutslippene og sikre et godt miljø.
		Potsgrunn	1 700 000	
		Kristiansand	1 656 000	
		Oslo	1 646 000	
		Drammen	1 000 000	
		Skien	1 500 000	
		Stavanger	1 853 000	
		Trondheim	1 597 000	
		Sandnes	1 500 000	
		Sarpsborg	300 000	
		Fredrikstad	1 215 000	Samarbeidsprogram mellom staten, kommunene i de største byområde og næringslivet for å få ned klimagassutslippene og sikre et godt miljø.
		Tromsø	2 077 000	
		Bærum	1 025 000	
		Kommunenes sentralforbund	500 000	Partner i programmet
		Vest-Agder fylkeskommune	24 000	Frokostmøter om innkjøp

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 81 ...fortsetter..				
Miljøvern		Oslo Elveforum/Oslo og omegns friluftsråd	93 000	Skolerettede tiltak knyttet til Akerselva
nærmere folket		WWF	120 000	Earth Hour
		Frameworks	250 000	Nettbasert applikasjon for å inspirere til mindre bilbruk
		Norges skiforbund	200 000	Hvitt vinter. Skidrettens klimasatsing.
		WWF	50 000	Støtte til teknisk forbedring av klimaskolen.no og nettbas. klimaforedrag
		Bergen kunstinstitusjon	50 000	Ustilling om redesign og gjenbruk
		Framtiden i våre hender	75 000	Støtte til utvikling av nettløsning
		Drammen kommune	200 000	Støtte til Redesign arrangementet
		Sarpsborg kommune	200 000	Støtte til Redesign arrangementet
		Bergen kommune	200 000	Støtte til Redesign arrangementet
Sum			46 019 000	Bevilgning 27 000 000

Posten dekker i hovedsak Miljøverndepartementets uligefter knyttet til Framtidens byer. Dette er et samarbeidsprosjekt mellom staten, 13 kommuner, KS og næringslivet. Det er inngått en samarbeidsavtale mellom partene som definerer samarbeidsområdene. Alle byene i samarbeidsprosjektet mottar et fast tilskudd til drift. I tillegg gis tilskudd basert på søknader i henhold til samarbeidsområdene. Hoveddelen går til byene, og deler til organisasjoner i samarbeid med byene.

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 01 Drift				
		Fredet	50 000	Støtte til samling
		Stiftelsen Grid-Arendal	150 000	GRID Arendal bokprosjekt
		Norske Arkitektens Landsforbund	45 000	Arkitekturfestivalen
		Buskerud Fylkeskommune	100 000	Prosjekttilskudd Landskapsanalyse
		Drammen kommune	267 000	Forprosjekt Framtidsbilder
		Nordland fylkeskommune	200 000	Bidrag til Planprosjekt Vefsna
		Nordland fylkeskommune	150 000	Kartlegging landskap
Sum			962 000	Bevilgning 229 013 000

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 21 Spesiell drift				
		NIL U (Norsk institutt for luftforskning)	1 000 000	Støtte til flytting av målestasjonen Troll Anarktis
		ForMat/NHO Mat og drikke	200 000	Bidrag til film om reduksjon av matsvinn og støtte til nettside
		WWF - Norge	100 000	NML opplæringsmidler OMD
		KS Konsulenttjenester	400 000	Driftsstøtte, SEVS, Samarbeid om plankompetanse. Flere departementer.
		Norges Naturvernforbund	250 000	Støtte til opplæring i naturmangfoldloven
		Norges Naturvernforbund	200 000	Naturvernforbundets 100-års-jubileum. Jubileumsbok
		SABIMA/Samarbeidsrådet for biologisk mangfold	430 000	NML opplæringsmidler OMD
		Bondelaget	70 000	NML opplæringsmidler Bondelaget
		Syret for Rachel Carson Pisen	30 000	Støtte til prisutdeling
		Tuva Langfeldt	35 000	Støtte til masteroppgave
		Peer Lehn-Pedersen	27 000	Støtte til masteroppgave
		Baard Næss	125 000	Støtte til film om rovdyr
		Arne i 100 viki-Fal Næss	50 000	Prosjektstøtte
		Besteforeldrenes klimaaksjon	30 000	Brosjyre for besteforeldreaksjonen
		Siftelsen Vegaøyan Verdensarv	75 000	Støtte til båtutle på Vega
		Adalia Film og Media	50 000	Støtte til film om samiske kulturminner
		Oslo Aktiekteforning	20 000	Støtte til Oslo opne hus
		Norges kulturvernforbund	50 000	Støtte til informasjon vedrørende Kulturminedagen
		Teknologirådet	100 000	Støtte til undervisningsopplegget Klimatoppmøte i skolen
		Universitetet for biovitenskap og miljø	150 000	Støtte til masteroppgave - PBL
		Universitetet i Tromsø	150 000	Støtte til masteroppgave - PBL
		Forum for plan- og bygningsrett	30 000	Bidrag til deres arbeid
		Norsk bolig- og byplanforening	90 000	Tilskudd til medlemsbladet PLAN
		Anamorphic Lo-Fi Productions	50 000	Prosjektstøtte til naturfilm
		Adalia Film og Media	30 000	Støtte til klimablogg
		Forlaget Tom & Tom	45 000	Prosjektstøtte til bok om biologisk mangfold
		OSPAR (Oslo-Paris-konvensjonen)	250 000	Prosjektstøtte
		Finnmark Fylkeskommune	400 000	Basissstøtte PBL til Finnmark + prosjektstøtte
		Akershus fylkeskommune	200 000	Basissstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningslov
		Akershus fylkeskommune	50 000	Prosjektstøtte, Regional planinformasjon på nett
		Akershus fylkeskommune	4 350 000	Støtte til plansekretariat i Oslo/Akershus
		Aust-Agder fylkeskommune	100 000	Prosjektstøtte, Regional planinformasjon på nett
		Aust-Agder fylkeskommune	200 000	Basissstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningslov
		Hedmark fylkeskommune	500 000	Regionale planer for villrein, Planutskudd Forolhogna
		Hordaland fylkeskommune	150 000	Utvikling av moduler og plankompetanse på mastersnivå
		Hordaland fylkeskommune	200 000	Basissstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningslov
		Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000	Regional stedsutviklingskonferanse 2012, Samarbeid.
		Nord-Trøndelag fylkeskommune	200 000	Basissstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningslov
		Nordland fylkeskommune	100 000	Prosjektstøtte interkom, Planstrategi
		Nordland fylkeskommune	60 000	Plankonferanser Nordland fylkeskommune
		Nordland fylkeskommune	300 000	PBL - opplæringsprogram

Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 21 ... fortsetter ...				
		Nordland fylkeskommune	250 000	Kartlegging landskap Nordland
		Nordland fylkeskommune	309 375	Nordland fylket - landskapsmetode
		Oppland fylkeskommune	200 000	Basisstøtte PBL-veiledning
		Oppland fylkeskommune	75 000	Støtte til innlandsbykonferansen
		Oppland fylkeskommune	100 000	Prosjektstøtte 2011
		Oppland fylkeskommune	500 000	Planmidler Dovrefjell
		Oppland fylkeskommune	150 000	Plantiskudd Rondane-Sølnkletten
		Oppland fylkeskommune	500 000	Planmidler Ottadalsområdet
		Sogn og Fjordane fylkeskommune	73 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000	Prosjektstøtte Sogn Fjordane
		Telemark fylkeskommune	100 000	Prosjektstøtte Telemark
		Telemark fylkeskommune	200 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Troms fylkeskommune	200 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Troms fylkeskommune	100 000	Prosjektstøtte etterutdanning Troms
		Vest-Agder fylkeskommune	85 000	Prosjektstøtte Vest-Agder og Framtidens byer
		Vestfold fylkeskommune	200 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Vestfold fylkeskommune	50 000	Prosjektstøtte PBL til Vestfold
		Østfold fylkeskommune	200 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Sør-Trøndelag fylkeskommune	135 000	Prosjektstøtte Sør-Trøndelag 2011
		Sør-Trøndelag fylkeskommune	200 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Drammen Kommune	267 530	Utvikling av 3D-model
		Rogaland fylkeskommune	175 812	Veiledning og prosjektmidler ny PBL
		Buskerud fylkeskommune	500 000	Vilireplan Nordfjella
		Buskerud fylkeskommune	200 000	Basisstøtte innføring og opplæring ny plan- og bygningsslov
		Buskerud fylkeskommune	400 000	Tilskudd til vilirein som attraksjon
		Kommunenes sentralforbund	250 000	KS kurs
		Sum	16 417 717	Bevilgning 153 405 000
Kap og post	Tilskudds- ordning	Tilskuddsmottaker	Utbetalt i 2011	Kommentarer
Kap 1400 post 22 Spesielle driftsutgifter knyttet til lokalt miljøvern og universell utforming (lf post 80 og 81 med stikordet: Kan nyttes under)				
		Fridtstidens fellesorganisasjon	700 000	Støtte til kompetanseutviklingsprosjekt
		Silfelsen Idébanken	800 000	Støtte kompetanseprosjekt
		Kvinnesdal kommune	650 000	Støtte til drift av Listemerket
		KS Hedmark	200 000	Støtte til Kulturlandskapskonferansen
		Østfold fylkeskommune	200 000	Støtte til lokalt klimanettverk
		Sum	2 550 000	Bevilgning 3 000 000
Totalsum			228 563 066	